



Nr. 9 - 2015
10.11.2015

INFO FRÅ VIGRESTAD SKULEKORPS

GENERALPRØVE FREDAG 13. NOVEMBER

Fredag 13. november blir det generalprøve på Vigrestad skule. Det blir ei gjennomkjøring av programmet som korpset skal spela i Stavanger Open dagen etter. Generalprøven er kl 19.30.

Håper at mange møter opp for å høyra!

Korpset møter opp kl 18.00 for å ha ei ekstra øving i forkant.

STAVANGER OPEN 14. NOVEMBER

Laurdag 14. november reiser me til byen for å delta i konkurransen Stavanger Open.

Dette skjer i Stavanger Forum ved Tjensvollkrysset, adresse Gunnar Warebergs gate 13.

Me skal spele i 4. divisjon, og står på scenen i Liten sal kl 10.50. Dørene lukkes presis, så for dei som vil koma høyra på, er det lurt å vera ute i god tid.

Kostymet i år er einsfarga T-skjorter, svarte bukser og svarte sko. Trommerekka skal ha røde T-skjorter, bakrekka blå, og framrekka gule.

MA Tjemsland har T-skjorter i rett farge, til ca. 60kr. Desse kan bestillast hos Jan Anton Fjermestad på tlf 47 46 43 68, eller på Faceboksida til Vigrestad skulekorps.

Obs, obs! Dette må skje i løpet av denne dagen/kvelden.
Hugs å få med rett farge og størrelse.

Korpset køyrer med buss til Stavanger. Dersom nokon av musikantane ikkje skal vera med på bussen heim, må leiarane få beskjed om dette.

Leiarane som blir med på bussen er
Jan Anton Fjermestad Tlf.47 46 43 68
Elin Heskestad Tlf. 94 88 22 88

Juniorane og Aspirantane blir invitert til å vera med inn å heie på korpset. Dei blir med bussen inn og heim, og får gratis inngang til konkurransen. Håper at mange har anledning til å vera med på dette☺
For å få oversikt over kor mange som blir med, treng me ei påmelding innan torsdag 12. november.
Påmelding til Elin Heskestad på tlf, eller ved å svara på denne mailen.

Tidsplanen for laurdagen blir slik:

08.15 Frammøte Vigrestad skule.
08.30 Avreise
10.20 Oppvarming
10.50 På scenen
!2.30 Ankomst Vigrestad (ca)

Me reiser heim igjen rett etter konkurransen, så det blir ikkje tid til å handle i kiosken i Stavanger Forum. Men det kan vera lurt å ha med seg ei vannflaske pluss litt å bita i, for ikkje å gå heilt tom for energi.

Heia VSK!!

KALENDER

13. nov	Generalprøve kl 19.30
14. nov	Stavanger Open 2015
27. nov	Tenning av julegran
10. des	Julegraut, heder & ære
20. des.	Synger jula inn
24.des.	Speling julegudsteneste Varhaug kyrkje